



Bjørnafjorden kommune  
Postboks 24  
5649 EIKELANDSOSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Svein Kornerud, 5557 2027

## Bjørnafjorden - kommunedelplan Bjørnafjorden vest – naust og fritidsbustad

Det var eit administrativt møte den 12. desember 2022 mellom Bjørnafjorden kommune og Statsforvaltaren i Vestland. Møtet var eit ledd i å finne løysing på motsegn frå Statsforvaltaren til kommunedelenen Bjørnafjorden vest for område for naust m.m. og fritidsbustad.

Følgjande deltok i møtet:

Bjørnafjorden kommune:

Runar Lunde, kommunalsjef samfunnsutvikling  
Jannicke Sem-Onarheim, plansjef  
Asle J. Andås, plan  
Tor Nagelgaard, plan

Statsforvaltaren i Vestland:

Sarah Kvåle Skouen, seniorrådgjevar og kommunekontakt  
Svein Kornerud, fagdirektør

Utgangspunktet for møtet var at Statsforvaltaren har motsegn til alle nye naustområde, sjå brev av 01.10.2021 s. 6-7. Det omfattar også tilhøyrande kai og småbåtanlegg, sjå brevet s. 7. Vidare har Statsforvaltaren motsegn til byggjegrense til sjø for fritidsbustadområde og nye fritidsbustadområde i strandsona. I meklingsmøtet den 29.11.2022 var det ikkje tid til å gå igjennom desse motsegnene. Statsforvaltaren sa seg i meklingsmøtet villig til å vurdere motsegnene for naustområda som hadde fått akseptabel status som grønt i konsekvensutgreiinga (KU). Partane vart einige om at det i første omgang kunne bli gjort i eit administrativt møte mellom kommunen og Statsforvaltaren.

I møtet gjekk partane igjennom både naustområda og nokre forslag til småbåtanlegg og einskilde område for fritidsbustad. Kommunen ønsket i møtet å også å vurdere nokre område som i KU er «raude» og «gule» område. Det blei følt opp, men alle er ikkje nemnd her då partane ikkje vart einige.



Statsforvaltaren gjorde merksam på at ein er kritisk til kvaliteten på KU og ikkje samd i vurderingane og konklusjonane der. For tiltak i strandsona har KU m.a. for lite fokus og vekt på landskapsverknadene.

I gjennomgangen nedanfor er tatt inn dei områda som partane vart einige om. Fleire andre område vart også diskutert. I framstillinga er det vist til sidetal i KU og gards- og bruksnummer (gbnr.) For ordens skuld er det også vist til om områda var anna enn grønt i KU. Der det ikkje er nemnd, er forslaget grønt i KU.

#### Osøyro:

s. 68 - Hatvik – gbnr. 71/1 – raud i KU - utviding på tilrettelagt terreng i retning ferjekaia, knytt til eksisterande naust, utan ny utsprenging – einige om utviding til avgrensa område, der det er tilrettelagt no, ikkje ytterlegare utsprenging eller terrenngrep utanom lett tilpassing i bakkant.

#### Søre Neset:

s. 121 - Gbnr: 42/6 og 42/82 naust og småbåthamn – Statsforvaltaren ser ikkje trong for og er ikkje einig i naust her: Naust vil vere eksponert knytt til neset og øydeleggje det grøne og ubygde little området. Det er nok naust langs denne strandsona; vålegrensa er nådd. Dei resterande landskapsverdiane og strandsona må takast vare på. Med ytterlegare bustadutbygging og senterområde for Søre Neset like ovanfor er det ikkje ytterlegere private naust staden treng. Den resterande strandsona må haldast open for ålmenta og for at folk skal ha nytte av landskapet til rekreasjon, både som generelt friluftsoppleveling og som nærfri friluftsområde.

I staden kan ein trenge fleire båtplassar her, særleg med ytterlegare bustadbygging. Partane er derfor einige i at det kan plasserast ein småbåthamn her for ålmenta. Den skal helst vere plassert der det er tiltak i strandsona frå tidlegare og må helst vere lengre mot nord enn det som er planforslaget, utover det arealet som er foreslått.

S. 133 - Gbnr. 44/6 – naust. Det vert opp til kommunen om det skal etablerast fleire naust her. Statsforvaltaren minnet om trongen for også å kunne ha opplagsplassar for småbåtar på land om vinteren.

s. 143 - Gbnr. 44/104 – naust og småbåthamn – Statsforvaltaren var i tvil om denne ut frå landskapsomsyn til sjø og at nok er nok av utbygging på staden. Som eit ledd i ein samla vurdering og finne ei samla løysing om naust vart det semje om at planforslaget blir oppretthalde.

#### Søre Øyane:

s. 175 – Gbnr. 29/76 – Statsforvaltaren i utgangspunktet negativ. Av omsyn som ovanfor einige om eitt naust med minimale terrenngrep og tilhøyrande bustaden.

s. 183 – Gbnr. 30/40 - Nært sentrumsområde, nordaust for brua, forslag 2 – av omsyn som ovanfor einige om naust. Sannsynleg berre rom for eit naust.

s. 207 – Gbnr. 29/300 – naust. Einige om naust.

#### Nore Neset:

s. 221 – Gbnr. 36/28 – naust. Einige om naustet på utbygd kai som ser ut som å regulere dagens faktiske situasjon. Forutset at eksisterande tiltak er lovleg.



s. 233 – Gbnr. 40/62 – naust – Gult i KU med vilkår. Einige om eit naust på utfylt kaiområde, og eit eventuelt naust på kai/slipp-område i aust, dersom det kan tilpassast. Må ta vare på og sikre tilkomst for ålmenta.

For tiltak i sjø (er eksisterande) må kommunen/tiltakshavar ta omsyn til ålegras som naturmangfald i sjø. Ved løyve til nye tiltak som naust må kommunen setje vilkår om det, eventuelt å flytte plasseringa av flytebrygger i sjø.

s. 249 – Gbnr. 24/24 – naust – Er det siste eksisterande nes i utbygd område, men partane vart einige om å utvide naustområdet som foreslått.

#### Nore Øyane

s. 269 – Gbnr. 27/209 – naust og kai – Ikkje nye terrengingrep, eventuelt berre noko tilpassing for naust i «hukket» på kaia. Ikkje ytterlegare kai, men tilpasse for eit naust plassert inne i «hukket» på kaia. Einige.

s. 283 – Gbnr. 27/11 – gult - småbåtanlegg – Må innskrenkast vesentleg, privat småbåtanlegg knytt til eigedomen, tilpassast trong for det knytt til eksisterande kai. Einige.

s. 291 – Gbnr. 27/35 – gult - naust – Statsforvaltaren i utgangspunktet negativ. Dersom det skulle vere noko tiltak, eventuelt berre ei mindre bod. Einige om naust med krav til god terrengetilpassing.

s. 293 – Gbnr. 25/13 – gult - naust og småbåthamn – gult – Statsforvaltaren i utgangspunktet negativ pga. svært viktig friluftslivsområde og utfartsområde. Einige, dersom småbåthamn i sjø reduserast og rammer inn eventuelt tiltak.

#### Lysefjorden

s. 375 – Gbnr. 14/24 – Grenseoppgang til statleg sikra friluftsområde basert på eksisterande tiltak. Einige, dersom det faktiske området for friluftsområdet blir ivaretatt.

I gjennomgangen kom det fram at det er nemnd rorbu fleire stader. Kommunen har tidlegare gått bort frå at det skal opnast for rorbu og gjentok det i møtet. Partane er einige om at det blir rydda.

#### Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Svein Kornerud  
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

#### Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN